



Alderen er inga hindring for Jan H. Sunde. Han er 75 år og har sommarjobb på Olden Fjordhotell.

Jan H. Sunde, kjend frå reiselivet i Bergen, er 75 år og har sommarjobb på Olden Fjordhotell. Eigentleg skulle han vore reiseleiar for norske turistar på bussturar til fleire land i Europa. Slik vart det ikkje i år. Koronaen sette ein stoppar for utreise. Dermed kasta Jan Sunde seg rundt og vart altmogeleg mann på fjordhotellet i Olden.

Uskedalen.no har snakka med Sunde om den allsidige jobben i Olden. Frå 19. juni til i slutten av august er han resepsjonist og nattevakt. Ikkje nok med det. Dersom det er trong for han, tek han tørn i oppvasken, som servitør på frukosten, som barkeeper og som vaktmeister med mellom anna plenslått. Han er med andre ord ein altmogeleg mann og får oppleve å vera på andre sida av resepsjonssranken enn det han er vane med.

Planen i sommar var ein busstur til Rimini i juli, å vera reiseleiar på to turar til Georgia og Armenia i august og til slutt tre tuar til Moldova og Odessa i september/oktober. Alt vart skrinlagd. Då var ein en kjenning, som er engasjert som hotellsjef på Olden Fjordhotell, tok kontakt og ville ha Jan med på drifta i Olden. Slik vart det. Hotellet opna for sommaren med fem kollegaer på jobb. Ein ville sjå kva trafikk det vart. I dag er hotellet mest fullbooka. Det er berre nokre få rom ledige framover.

Mange kjenner Jan H. Sunde som leiar for bussturane i Run Way Norway og frå 1992 i Run Way Unitur, det som i 2008 vart TIDE. Han har engasjert seg og hatt viktige oppdrag for Bergn Næringsråd, ikkje minst med arrangera store konferansar innan reiseliv i Bergen.

I Uskedalen kjenner vi mellom anna Jan frå oppgåva som frivillig på FestiDalen, seinast i fjor. Då var han 74 år gamal.

Vi avsluttar samtalen med Jan H. Sunde og spør kva som er motivasjonen. Svaret er møte med menneske. Så seier han: Når ungdomen ikkje vil ta sommarjobb, får vi godt vaksne trø til.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Olden Fjordhotell